

Ivar Eskeland

Voi perkele! - Kippis! - for ein forteljar

OM IDAR KRISTIANSENS FORFATTERSKAP

Denne boklesaren kan aldri heilt la vera å undre seg. Han undrar seg m.a. over det, kvar einaste haust og ofte om våren, kor mange romanskivande nordmenn som ikkje kan sitt handverk. Og likevel får sleppe til og øyde skogsvyrke og slite på lesar-tolmod – år etter år. Er det såleis i biletkunsten òg? undrast han. Og i musikken? Desse kunstartene har han om mogeleg endå mindre greie på enn forteljekunsten. Men han kan alltid tru ut frå det han ser. Han trur at musikk- og bilediktatarar som slepp laus på oss, gjennomgåande *kan* meir.

Forfattarar er dei som framfor andre legg for dagen at dei ikkje kan, nokså ustraffa. Endå det jamtover blir skrive nokre spalte- og boksidekilometer meir om orddikting enn om bilet- og musikkdikting, blir handverks-sjusket i forfattar-faget sjeldan påtala hardt; ofte ikkje. Derimot blir dette gjort til eit spørsmål om liv eller død:

Heng forfattaren fast i tradisjonen, eller har han skapt noko nytt i forteljekunsten; er han eksperimentell?

Er han det, då er han *minst* halvfrelst. Lesen blir han rettnok ikkje, om det ikkje kan seiast anna godt om han enn at han eksperimenterer.

Eksperimenta, tykkjer denne lesaren, bør forfattaren helst gjera unna i sine skriveøvingar. Når resultatet av dei blir framlagde for oss, skal dei helst ikkje merkast.

Idar Kristiansen heiter ein mann. Han har lagt for dagen at han kan fortelja. Han har oppfylt Den Eine føresetnaden: han fortel såpass godt at han får sine finsk-norske menneske til å vedkoma oss. Iallfall meg.

Dette skriv ein person som jamtover er luttei av å skrive om bøker; som ikkje held det for nokon makelaus prestasjon framfor andre pre-

stasjonar å skrive bøker, ikkje eingong gode bøker, ein person som meir og meir sokjer til dei få-ordige: kort-diktet, dramaet, som får mindre og mindre tid og lyst til dei mang-ordige.

Eg spådde, ser eg, då Idar Kristiansen fekk Aschehoug-prisen i år, at det kom til å heite: I år gjekk prisen til ein *heimstaddiktar*. Det skulle ikkje store spådomsgåvane til. Det slo då òg til. Somme seier det, og dei meiner ikkje noko godt med det. Idar Kristiansen er nemleg frå ein stad eller to. Det har han enno sams med dei fleste av oss. Det som verre er: han let det skine igjennom at personane hans og dermed hendingane i romanverket *Kornet og fisken* er knytte til *stader* som kan avlesast på kartet.

Det kan stjernene òg, somme av dei.

Heimstaddiktar, hjemstavnsdikter, er av dei småsnuskete og upresiserte klisjar som det finst ein del av i hovuda på litteraturhistorikarar. All den beste forteljande dikting eg kjenner, har sin heimstad, meir eller mindre avgrensa. All den største forteljekunst som renn meg gjennom hovudet i farten, kan stadfestast geografisk – eksakt eller om lag. Finst det ikkje eigenskapar ved forteljingar som lyfter deira menneske opp og ut over det lokalt interessante, då er det ikkje forteljekunst. Då er det betre å lesa lokalhistorikarar og *Geografisk leksikon*. Dét er det ofte.

Så enkelt er det. Og så vanskeleg. Dikting har allmenn appell og heimstaden blir dermed noko sekundært; eller ei forteljing har ikkje krav på å nå ut og er dermed ikkje dikting. «Heimstaddikting» er ei sjølvmotseiing av dei meir tåpelege. Her i landet rekk ho til Oslo. Nei, inn i Oslo: Oskar Braaten var heimstaddiktar. Johan Borgen ikkje.

Vinduet nr. 4 1980

Me
Idar
skull
ter al
kan r
svara
aller
stilist
le» le
Eg
ne p
godt
De
måte
Hem
the k
Han
Det
same
kvar
dei f
ikkje
net v

Mar

Men det kan alltid vendast det våpenet mot Idar Kristiansen, om ikkje heimstad-våpenet skulle vera beitt nok, at romanverket hans etter alt å døme ikkje dannar *skule*, ikkje eingong kan meldast inn i ein eksisterande skule. Eg vil svara med eit nokså ferskt sitat frå ein av våre aller største nolevande forteljarar og (dermed) stilistar: – Hva i helvete raker «en litterær skole» leserne?

Eg kan ikkje sjå at Idar Kristiansen har funne på nemnande anna nytt enn å fortelja så godt at det blir gode bøker av det.

Det skal godt gjerast å fortelja på ein så nmåte at det ikkje har vore gjort før. Ernest Hemingway er med rette rosa fordi han dreiv *the hard boiled style* opp til artistiske høgder. Han skal jamvel ha funne opp denne stilen. Det er ingen æremink for Hemingway at det same gjorde islandske gigantforteljarar tre-kvart tusenår tidlegare. Dei var sikkert ikkje dei første; men så hard-boiled var dei, at dei ikkje eingong signerte sine verk. Forfattarnamnet var uvedkommande.

Ja, Idar Kristiansen fortel òg «gammaldags». Nei, Idar Kristiansen kjem ikkje til å skapa «skule». Ikkje med *Kornet og fiskene*, iallfall. Ja, det har vore skrive om kornløyse og storhunger i Nord-Finland før, og om vandring etter fiskens og livet på Finnmarks-kysten.

Kristiansen løyner ikkje på noko vis kvar hans menneskekryp er røtte, korleis svolten riv opp røtene deira, gong etter gong, kvar dei traskar i denne svoltens Odyssé, kva tid det skjer. Tvert imot, han gjer eit nummer av det i den mon at han har skaffa seg dei eksakte historiske, geografiske og sosiologiske kunnskapar som trengst til å gjera forteljinga ytre sett tru-verdig. (Djupare sett tru-verdig trong ikkje forteljinga vera om ho er historisk sann. Ho er *det òg*, for ho held psykologisk.)

Det var ei tid då det var færre menneske i dei trakter av Finland enn det er no. Då var dei for mange. Kvart menneske som svalt og fraus så det gjekk på helsa og livet laus, var eit menneske for mykje – for andre enn seg sjølv. Tusentals svalt i hel, låg att etter vegane. Ein av dei



Marit Bockelies omslag til Idar Kristiansens siste bok «Stiene fører til havet».

store rømingvegane gjekk til Amerika. Nokre hundreår tidlegare løyste Svartedauden «problem» på sitt vis. (Sett i historisk langperspektiv var pestbølgjer som Svartedauden eit gode.) Ein av dei lokale svoltvegar gjekk frå nord-finske innlandsgrender til Havlandet, Ruija, i vårt tilfelle nøgnare sagt til Vesisaari, Vadsø.

I den trekvart fullførte tetralogien *Kornet og fiskene* er det no kome desse bind: *Svanevinger i Nord* (1978), *Den salte åkeren* (1979) og *Stiene fører til havet* (1980). Her skal det ikkje gjevast innhaldsresymé av dei tre bøkene. Det får vente. Dette skal ikkje eingong vera ei «melding», langt mindre ein kritisk analyse. Det skal vera eit rop, så høgt eg kan prestere, om at det er verdt å dela lagnad ei stund med det vesale menneskekryp Heikki og dei menneske han møter i den ustanskelege svoltens fotefar. Kristiansen har til no brukt halvfemte hundre sider på forteljinga om forneding og stordom, om gjevlynde og ein aldri sviktande draum om eit menneskeverdig liv, om grenselaus liding og om fordøming i Herrens uheilage namn, om råskap, hat og offervilje. Det er ikkje ei side for mykje; overlag sjeldan er det ord som skurrar, og aldri i replikkane, som er eksistensielle og ber forteljinga. (For å nemne alle dei få skurringar eg høyrd i siste bindet, i von om at slikt ikkje kjem att i det som skal bli det siste: trenings, bølgelengde, rutsje, varemerke høyrer for meg heime i anna tid i andre miljø.) Han kan òg langt på veg den kunst som er større enn å skrive: å stryke, utelata, fortette, med andre ord: gje pusterom for medleiving, meddikting.

Det er medrivande sòg i Idar Kristiansens grenseoverskridande fattigmanns-epos; her er menneskeskildring bokstaveleg tala på liv og død; her er barsk og vår poesi som ein kunne vente av den lyrikaren han og er; her er sus av svanevenger, uhøyleg knitrings av nordlys; her er varme inn i dødsens kulde; men her er aldri føleri, endå om dei ikkje held seg for gode til å gråte, desse misfarne. Ein kunne ha trudd at tårekjeldene var klaka for all tid. Her er til og med humor. Framfor alt: her er dimensjo-

nar, som var det Finnmark personleg. Og det er det er, m.a.

Det skulle ikkje undre meg om *Kornet og fiskene* når den tid kjem kan leggjast oppå Vilhelm Mobergs emigrantverk og Sara Lidmans halvferdige(?) kjempeverk frå det nærskyldne svelt-i-hel-landet Västerbotten, utan å trenge skamme seg. Viktigare er det at dette verket skal kunna stå sjølv, for seg sjølv, av eigen, ibuande styrke.

Og no vil eg koma ned eit sitat. Eg vil sitere ein norsk teolog, politikar og embetsmann, for å vise at også den art menneske kan få rett – og få oppfylt eit ynske eller to. Ja beint ut sagt: at ein teolog kan ha spådomsgåver. Eg vil sitere nokre ord av Kolbjørn Varmann, som han skrev i ei melding av Idar Kristiansens dokumentære roman *Korstog mot Kautokeino*, om den religiøs-sosiale eksplosjonen for snart 130 år sidan:

«Jeg vil ønske at Idar Kristiansen med stunder og år vil kunne bruke sitt forfatterskap til å vise Norge og verden «Medmennesket» i den livsstrid og det miljø som folk lever under på Nordkalotten. En skjønnlitterær analytisk behandling av et tema har ofte blitt den inspirasjon som må til for å komme noen skritt videre framover. Jeg gir Idar Kristiansen oppfordringen.»

Skreiv den framifrå mann Varmann i 1970.

Det er det Idar Kristiansen har gjort. Når ein held unna at han skriv om korleis folk levde på Nordkalotten. Herren vere lova ikkje korleis dei lever. Han har ikkje berre teke «noen skritt framover». Han har teke kjempesteg. Han har late seg inspirere av det miljø han er vaksen opp i og or, som han har lært seg meir om og kan.

Med *Kornet og fiskene* har Idar Kristiansen synt klårt nok for meg at han er i ferd med å gje oss eit romanverk som kjem til å bli ståande ei stund i norsk litteraturhistorie, når den skal skrivast på nytt. Den bør skrivast på nytt, om det ikkje var for anna enn Idar Kristiansen og hans *Kornet og fiskene*.

Han kan sitt handverk – og meir til. Han kan sine menneske i lyst og naud.

Grøndahl.

ROLF

Alle ba
noen i
grå. Eg
at vi s
mén, r
gleden
meste
kjedso
tragisk
lys, at
eller fe
se lær
seg å
hjelp i
den m
dighet

Mer
ut. De
gjerne
synsvi
skrem
hvis b
lom b
sonale
samlit
kropp

Rol
nen s
nerte
torisk
planl
leum,
og ny
for sl
steln
len, 1